

Lågterskeltilbod til barnehagane i Bjørnafjorden kommune

Gjennom lågterskeltilbodet ønsker vi å ha fokus på «tidleg innsats»

Tilbodet skal vere lett tilgjengeleg ved at styrar kan vende seg til barnehagen sin kontaktperson i Barnehageteamet utan omfattande tilvising og lang saksbehandling. Barnehagen kan også ta opp eit lågterskelbehov på besøksdagen.

Gjennom støtte og rettleiing ønsker vi å bidra til å utvikle barnehagane og auke kompetansen til dei tilsette, slik at dei kan finne gode løysingar i barnehagekvardagen. Når det gjeld spørsmål og behov for rettleiing som gjeld enkeltbarn, skal barnehagen innhente samtykke frå foreldra før ein tar kontakt med kontaktpersonen i Barnehageteamet.

Eit lågterskeltilbod skal gå over ein avgrensa periode og skal ikkje erstatte andre tiltak innanfor PPT. Barn som er tilvist til PPT, skal ikkje søkjast inn på dette tilbodet

Mål

- Gi tidleg og rask hjelp til barnehagane
- Tidlege tiltak for å førebygge og hindre at vanskar utviklar seg
- Gi hjelp til sjølvhjelp
- Gi rettleiing og støtte til barnehagane

Rutine

- Barnehagane kan nytte tilbodet i ein tidleg kartleggingsfase og i utprøving av tiltaksplanar
- Barnehagen tar kontakt med sin kontaktperson i Barnehageteamet og sender i etterkant «Oppdragskjema – lågterskeltilbod» per e-post. Behovet kan også settast på agendaen på besøksdagen
- Barnehagen søker foreldra sitt samtykke når det gjeld enkeltbarn
- Når arbeidet er avslutta, blir skjemaet signert og arkivert på PPT. Barnehagen får kopi av skjemaet

Område

- Generelt språkarbeid; vaksenrolla, språkgrupper, verktøy
- Fleirkulturelt/fleirspråkleg arbeid; oppstart i barnehagen, møte med foreldre, språkstimulering
- Sosial kompetanse; vaksenrolla, reguleringstøtte
- Systemarbeid; organisering, førebyggjande arbeid
- Foreldresamarbeid, rettleiing